



Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 18/686-1

## **Forslag til kandidat Årets trafikksikkerhetskommune 2018.**

### **Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune fremjar Årdal kommune som kandidat til «Årets trafikksikkerheitskommune 2018».

#### **Vedlegg:**

1. Skriv frå Det kongelige Samferdselsdepartement datert 11. januar 2018.

#### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Det kongelige samferdselsdepartement har i skriv datert 11. januar 2018 invitert fylkeskommunane til nominering av kandidatar til Samferdselsdepartementet sin trafikksikkerheitspris – «Årets trafikksikkerhetskommune 2018».

I skrivet står følgjande:

*«Samferdselsdepartementet har siden 2012 delt ut prisen Årets trafikksikkerhetskommune. Formålet med prisen er å fremme lokalt trafikksikkerhetsarbeid gjennom å framheve gode trafikksikkerhetsinitiativ lokalt. Ved å framheve og hedre kommuner som har utmerket seg, skal kåringen bidra til å løfte fram forbilder som kan inspirere andre kommuner til økt innsats. Samferdselsdepartementet inviterer fylkeskommunen til å nominere kommuner som har utmerket seg når det gjelder lokalt trafikksikkerhetsarbeid og som kan vise til gode trafikksikkerhetsplaner.*

*Prisen for 2018 er på 1 million kroner og deles ut av samferdselsministeren våren 2018. Det er en forutsetning for tildeling at kommunen har en trafikksikkerhetsplan hvor blant annet plan for sikring av skolevegene inngår. Trafikksikkerhetsplanen skal være et aktivt dokument som oppdateres jevnlig og som er forankret i kommunens politiske ledelse, administrasjon og de ulike befolkningsgrupper.*

*Kommunen må videre kunne dokumentere gjennomførte tiltak og at tiltakene er evaluert og har positiv effekt for trafikksikkerheten.*

*Fylkeskommunen oppfordres til å nominere en eller to kommuner som har utmerket seg i det lokale trafikksikkerhetsarbeidet og som oppfyller ovennevnte forutsetninger. Begrunnet forslag til kandidat(er) sendes til Statens vegvesen ved regionkontoret innen 1. mars 2018. Regionen sammenstiller forslagene, eventuelt supplerer listene, og videresender sine kandidater til Vegdirektoratet. Vegdirektoratet vil innen 6. april 2018 oversende prioritert liste til*

*Samferdselsdepartementet. Departementet fatter vedtak om tildeling av prisen etter innstilling fra Kontaktutvalget for trafikksikkerhet (KTS).*

*Utdelingen offentliggjøres på nettsidene til Samferdselsdepartementet og Statens vegvesen.»*

I følgje reglementet for fylkestrafikktryggingsutvalet § 3 b) skal FTU gje fråsegn i saker som er viktige for trafikktryggleiken.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

I samarbeid med fylkeskommunane har Trygg Trafikk utarbeidd kriterier for godkjenningsordninga «Trafikksikker kommune». Godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og heilskapeleg arbeid med trafikktryggleik. Over 50 kommunar er pr. i dag «Trafikksikker kommune». I følgje Trygg Trafikk vil venteleg dei fleste fylkeskommunane i åra som kjem leggje konseptet «Trafikksikker kommune» til grunn når dei stimulerer kommunane til å arbeide systematisk med trafikktryggleik.

Årdal kommune er einaste kommunen i Sogn og Fjordane som i dag har godkjenninga «Trafikksikker kommune», noko kommunen fekk sommaren 2017. Kommunane Gloppen og Eid har starta arbeidet, og vil venteleg bli godkjende i løpet av første halvår 2018.

Fylkesdirektøren meiner det bør leggjast til grunn at kandidatar som fremjast til «Årets trafikksikkerhetskommune 2018» er ein «Trafikksikker kommune». I Sogn og Fjordane er det såleis Årdal kommune som er aktuell kandidat. Vi har vore i kontakt med kommunen med tanke på deira kandidatur, og kommunen stiller seg positiv til dette.

## **4. Konklusjon**

Sogn og Fjordane fylkeskommune fremtar Årdal kommune som kandidat til «Årets trafikksikkerhetskommune 2018».